



Kommunal og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Dato
LEIKANGER, 21.09.2006

NOU 2006:7 DET LOKALE FOLKESTYRET I ENDRING?

Fylkesrådet for funksjonshemma i Finnmark, Nord-Trøndelag, Møre og Romsdal, Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane var samla på landskonferansen for fylkesråda for funksjonshemma 21.- 23. august 2006 der NOU 2006:7 "Det lokale folkestyre i endring vart drøfta."

Dei nemnde fylkesråda kom fram til følgjande uttale:


Fylkesråda for funksjonshemma i Noreg har lenge jobba for at fylkeskommunale og kommunale råd for funksjonshemma skulle bli lovfesta. Kommunale og fylkeskommunale råd for funksjonshemma er no lovfesta. Lova skal tre i kraft med verknad etter kommune og fylkestingsvalet 2007.

Fleirtalet i kommisjonen føresler at ordninga med eldreråd og råd for funksjonshemma ikkje lenger skal vera lovfesta. Fleirtalet si grunngjeving er

" at det må vera opp til kommunane sjølve om dei ønskjer å etablerer slike råd. Kommisjonen føresler dermed at desse ikkje lenger blir lovfesta. Dagens lovpålagde ordning med eldreråd/ representasjonsordning for funksjonshemma kan gje eit ubeldig signal om at desse gruppene ikkje bør nominerast eller delta på like linje med andre i det representative systemet, og kan såleis vere med å legitimere at dei trekker seg frå politisk virke. Dessutan bør kommunane til ei kvar tid vere frie til å opprette råd for grupper som dei ser er underrepresenterte og som treng ekstra moglegeheiter til å kunne påverke. Dette kan endra seg frå kommune til kommune og over tid"

Fylkesråda vil med dette minne departementet om at dei kommunale og fylkeskommunale råda for funksjonshemma er eit rådgjevande organ for kommunen, fylkeskommunen og statlege organ i saker som vedkjem dei funksjonshemma. Representantane (som er samansett av politikarar og representantar frå dei ulike brukarorganisasjonane) i dei ulike råda skal kunne vera usamde med sine politiske parti i saker som vedkjem målgruppa og som dei ikkje finn vert handsama på ein slik måte at det kjem funksjonshemma og eldre til gode. Brukarrepresentantane skal vera eit talerøyr til politikarane om saker som vedkjem dei.

Eit lovfesta råd gjev også ein meir ryddig struktur for medverknad og er meir forpliktande for kommunane og fylkeskommunen enn om ein vel uformelle representasjonsordningar. Eit politisk oppnemnt råd vil vera best eigna til å oppfylle lova sitt formål som er å sikra funksjonshemma sin



medverknad. Dette gjev meir faste rammer for å kunne driva eit målretta og godt organisert arbeid for å ivareta funksjonshemma si medverknad og dra nytte av deira erfaring og kunnskap.

Arbeidsforskningsinstituttet gav ut ein evalueringsrapport frå 2001 "Å ivareta underrepresenterte hensyn" for eldreråd og råd for funksjonshemma i kommunar og fylkeskommunar. Denne rapporten viste at erfaringane med råd i hovudsak er gode. Departementet vurderte det også slik at det er brei semje om at brukarmedverknad for menneske med funksjonsnedsetting bør lovfestast. Dette er i trå med FN sine standardreglar for like moglegheiter for funksjonshemma og det føreliggjande forslag til konvensjon om funksjonshemma sine rettar.

I same rapport er inntrykket frå undersøkinga at fleire av råda for funksjonshemma i kommunane er svakare enn eldreråda. Dette seier seg sjølv sidan eldreråda er lovfesta mens råd for funksjonshemma er ikkje lovfesta. Undersøkinga viste også at råda for funksjonshemma er noko mindre inne i dei kommunale saksprosessane, har færre uttale til årsbudsjett, økonomiplan, færre representasjonar i utval og arbeidsgrupper og mindre kontakt med kommunen sin politiske og administrative toppling.

Fylkesråda for funksjonshemma i Finnmark, Nord-Trøndelag, Møre og Romsdal, Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane vil forholde seg til gjeldande stortingsvedtak og stiller seg undrande til at kommisjonen foresler å avvikla ei lov som nettopp er innført og som har si forankring i sakkunnig uttale frå utallige organisasjonar og fylkeskommunale råd. Dette gjev svært uheldige signal til personar med nedsett funksjonsevne og er ei overprøving av ein lang og møysommeleg prosess som har ført fram til lovforslaget.

Med helsing

For fylkesråda i Finnmark, Nord-Trøndelag, Møre og Romsdal, Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane


Britt Marie Norheim
førstekonsulent

Mottakar (ar)

Kommunal og regionaldepartementet Postboks 8112 Dep 0032 OSLO

Kopi til:

Statens råd for funksjonshemma, Postboks 7000 St Olavsplass. 0130 Oslo
Fylkeskommunane v/fylkesrådmannen i Finnmark, Nord-Trøndelag, Møre og Romsdal,
Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.
Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane
Fylkesråda for funksjonshemma i Norge